

**ORDENSREGLAR/HUGSELISTE/SJEKKLISTE**  
**for leidgetakrar/brukarar av Teatersalen/lagsrommet i BUL**

<b>DET ER IKKJE LOV Å</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- nyte nokon form for rusmiddel, <u>heller ikkje alkohol</u>, inne i eller utanfor lokala til Bondeungdomslaget</li> <li>- røyke innandørs</li> <li>- bruke røykmaskin e.l. i lokala</li> <li>- overnatte i lokala</li> <li>- bruke kokeplate/vaffeljarn i lokala</li> <li>- ha levande lys.</li> <li>- tape, spikre eller stifte noko på veggane/golvet/scenen</li> <li>- kaste mat eller anna på golvet i lokala</li> </ul>
<b>KUNST</b>	Det er ikkje lov å røre måleri og litografiar som heng på veggen. Dei skal ikkje dekkast til.
<b>LÅSING</b>	Den ytste døra skal alltid vere låst når ho ikkje er under tilsyn. Det er leidgetakar sitt ansvar at ikkje uvedkommande kjem inn i Teatersalen eller områda rundt ved utleige.
<b>KODEBRIKKER/NØKLAR</b>	Leidgetakar er ansvarleg for sikker handtering av nøklar/kodebrikker og å levere desse tilbake til avtalt tid.
<b>BRANNSIKKERHEIT</b>	Leidgetakar skal gjere seg kjend med kor det er rømmingsvegar og brannsløkkingsapparat. Det må alltid vere fri passasje gjennom og ved alle rømmingsvegar. Dersom brannalarmen vert utløyst grunna leidgetakar sine aktivitetar, står leidgetakar ansvarleg for dei utgiftene dette fører med seg. Alle lys og tekniske anlegg skal slåast av når lokala ikkje er i bruk. Skøyteleidningar må brukast med varsemd og trekkast ut av stikkontakt når dei ikkje er i bruk.
<b>STOLAR, BORD OG PLATTINGAR</b>	Leidgetakar må sjølv setje ut stolar, bord og ev. plattingar slik han vil ha dei. Stolar og bord skal setjast på rett plass etter bruk. Sjå oppslag bak i Teatersalen om plassering! Bord skal plasserast på oppbevaringstralle (ikkje setjast oppetter veggane). Stolar og traller skal stablast slik at det er god passasje framfor ventilasjonsanlegget (dei grå panela på veggjen). <u>Sjekk at det ikkje blir sett noko i og ved rømmingsvegane!</u> Plattingane kan nyttast etter avtale.
<b>SØPPEL</b>	Søppel skal kastast i spann for papir og spann for restavfall. Dersom leidgetakar har søppel utover dét det er plass til i søppelspanna, må han ta med seg dette ut av lokala og handtere det sjølv etterpå.
<b>RYDDING</b>	Alt må vere rydda og i orden til avtalt tid. Dersom dette ikkje blir gjort, blir det rydda og ev. kasta for leidgetakar si rekning.
<b>UTLEIGEOMRÅDE</b>	Leidgetakar har berre høve til å nytte dei lokala/områda som er nemnde i kontrakten.
<b>TEKNISK UTSTYR</b>	Teknisk utstyr kan berre nyttast etter avtale. Ved ev. avtale om bruk av standard lyssetting, skal lyskastarane sin posisjon ikkje endrast.
<b>UTLEIGEKONTRAKTEN</b>	Vilkåra som er gitt i kontrakten, må oppfyllast fullt ut. Brot på ordensreglane vert rekna som brot på kontrakten.